

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Uvdal

Emne: G a m a l E n g k u t u Bygdelag: Kyrkjebygda

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Grøtjorden

(adresse): Skogheim Uvdal Numedal G.nr. 61 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Deilvis eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Knut Sønsterud grb.74 aar.

SVAR

Me nyttar orda eng og utslaattar i den meining

som er bruka ovanfor. Ordet Ekre bruke me og. Eng er felles-
 navn, "enje stenn fint iaat". Ordet ~~Ekre~~ ekre men
 eit oppbrøte stykkje. "Smuækra", "Nystykkje", ettersom
 ekrun ligg til inerheiten av ei smiu ell' andre hus, og
~~ett~~ ettersom det er kort ell' lenge sea det er oppbrøte.
 Det navne det eingaang ha faat ser ut til helt seg, for "
 "Nystykkje" i "Prestgaren" ell' Opdal, som den garden
 verkeleg heite, har no ikkje vore snudd paa 60 aar, men e
 endaa heite det "Nystykkje", det vart oppbrøte daa eg var
 liten og no er eg 70 aar. Var det nokon stann paa garden
 der det hverken var oppbrøte ell' hevda, vart det rekna for
 "skrindslaat" det goe fore vart kalla "hevdefor".

Etter det begrep de nedpaa flatbygdan har om slaat
 veit eg ikkje aa sjilja almindeleg eng og utslaattar fraa
 einan, for det allermeste er stuttljaaslaat, naar det
 ikkje er brøtne ekru. Var det ikkje det at jorda her i
 Uvdal er so sers god, so greide ingen seg paa gardan her,
 Men gras veks det aar etter aar, uta noko sers atbei, berre
 det er nebør nokk.

2. Rydjing.

Kvar einaste vaar maa ein "røja jore" der det veks skog inpaa slaattemarkje, for det er blese lauv og kvist inpaa. Naar ein lauve om sommaren bli det kvart aar hogd ned eit og ana tree som er so stort at det slyjje for sole. "Joresrøjingen" tok til straks om vaaren naar snoren var ~~vreist~~ reist. All smaatein vart kasta burti ei røis, av slike var det maange, der storsteinan laag so tet, aat det ikkje duga til ana ell "søiselende". Drøslauv og kvistehaugan vart brendt, naar det ein dag var so stille aa skya værn med lite regnjøv, so det ikkje var farle for vermin. So nokon dynje laag det aldrig og raatna. Oska vart bruka t til gjøssel paa den maatin, at den vart raka tunt utaaver fraa oskehaugen. Naar dei hadde jordesrunning² ell' noko rydding i utslaattan-kasta dei røisa dei steina dei raadde aaver aa ta med hendan, og ~~kaste den burti røisan~~, men det vart no berre laussteinan. Miljom dei jordfaste steina maatte slaattekaren lære seg til aa slaa, so det var vansleg aa bli god slaattekhar heruppe, men gutongan begynte no aa lære fraa 5-6 aars alderen.

3. Mosevaksen eng.

Bei raka vekk mosen med ei sterk rive og det vart tit saad høime paa slike plassa, men der er ein eigenskap med jorda her i Uvdal som eg ikkje veit greie paa om er annstann. Det veks ikkje møse paa jord som ikkje har vore snudd, det høiras vel rart ut, men det er no slik. Jorda er vel for hard so møsin trivs ikkje. Noko heimeavla grasfrø ana ell' høime-dei tok i høiløa-vart ~~ikkje~~ bruka ell heimeavla her. No bli kunstgjødsel mykje bruka og godt lika.

4. Myr og vassjuk eng.

Vassjuk eng bruka dei før aa vreite so goddt

dei kunne. Vatning av eng har ikkje vore bruka. Heller ikke vreiting av myrer, dei hadde den formeining like til for nokon aar sea, at et myr ikke hadde brukeleg jord. No er det maange som har begynt uppaa setran aa vreite ut myran. Heimi bygde fins ikkje myra i Uvdal sonersom den øverste garden her i kyrkjebygde - Lunda- ca. 800 m.o.h.

Der ligg Londemyre like ovafor garden, den har Kaptein Henrik Brun-som eig Lunda -vreita ut og dyrka myra, det er vent gras der no.

Gjøsling. 5.

Solenje som folk kjenner atende i tida, var det gjødsel-upsamla i fjøskjellaren om vinteren-som vart bruka baade til aaker og enggjøsling. Kor stor part av gjøsla som vart bruka til enggjødsling er ikkjeso godt aa seia, det kom seg ann paa kor mykje dei trengde tilaakergjøsling, det var det som vart teaavers etter aakergjøslinga dei tok til enggjøsling. Saue/møk var rekna som svert jev til aa overgjøsle kornaakeren med, naar korne sovidt hadde skøte aks. Den vart daa sliji smaa, og saaddutaaver aakeren som me no saa kunstgjøssel, dei meinte at det gav kornet slik ein god kveik, so det vart fortare og sikrare sjert (modent). Til enggjøsling vart bruka baade kjyr og hestegjøssel. Nokon viss mengde lass paa engstykkje vart ikkje rekna, det var ein sjønssak, men dei hadde det for seg, at det var bære aa gjøsle fluks dengongen dei gjøsla og heller dryge lenger imeljom aara dei gjøsla kvart stykkje.

6.)

Noko sers navn paa dei stykkjene som var bruka vinter-gjøssel paa hadde dei ikkje, men foret kalla dei hevdefor.

7)?:

Det var vanleg at dei sette uthusan slik at det var bratt nedenfor, so dei fekk "hevseseg" laang nedaaver. Noko

sers navn paa detfore som vaks i hevdesje hadde dei
ikkje, ^{ell} ana aat det vart kalla for hevdeforog det var fel-
lesnavn for alt godt for. Var det mykje hevdeseg fraa fjøshu-
husan prøva dei nok aa nytte det ut med aa grave smaavreita

Her i bygde trend dei ikkje aa leggje serskilt vinn paa
aa leggje ^o akran i brattlengje, det felt av seg sjøl, for h-
her er det bratt i heile bygde. Ein ann sak er det med ~~dei kje~~
dei kjendte turlagde Uvdalsøian, ~~det~~ vert alle aakran
flate, der veks det fint bygg, ~~naar~~ det ikkje kjem fortile
haustfrøst. Isofall ver~~det~~ tikje til grønfor. Men det
er fyrst dei siste aara dei er updyrka. Før vart dei
verre rekna for skrindforslaatt, no er dei rekna for den
viktugaste forbestanden for eigeran dom bur mittbygdas.

(Kyrkjebygda i Uvdal ligg i aust og vest, paa austsida
eller rettare nordsida ligger gardan upetter 3-4 rekkjer
like til uthaagaan og seinare ^{" "}maane ell' fjelle begjynne.)

Millom ^{" "}bygda og skogen paa sydsiden av dalen gaar Uvdals-
elva i store svingar med øiar og fastlann i miljom
ca. 3-4000- maal som no er turrlagd og kan dyrkas uta
aa risikere skaesflaum.

8.)

Gjøsle vart utkjøyrd om vinteren og laag i lass tiltid-
leg om vaaren, daa vart den slegen sund, dei største kl-
klompan iallefall, og kasta utover der dei skyde. gjøsle.
Gjøslempaa aakran vart og kjøird ut i lass paa vinterføre,
for det var maange stellu der det var uraad for bratlende
og stein aa kjøire paa ber mark. Dei bruka samre slags ~~g-~~
greip aa breie gjøsle "møkere" dei kalle paa aakran og paa
enga. Fraa rektig gamal tid bruka dei aa dra "sloe" aaver
gjøsle dei hadde paa enga) etter dei om vaaren hadde slengt
den utaaver marka med greip. Ein sloe var ret og slett nokon
bjørka som var bondne samen og driji paa kryss og tvers
gjennom gjøsle til den vart myldra smaa. Hadde dei hest,

5

spente dei den ved eit tøgg for bjørkestamman , so la dei
eit flatt bord oppaa bjørkan , anten sto kjøirekaren
oppaa det borde mens han kjøirde, ell' so satt ein oppaa
bordet-mens den andre kjøirde , paa den maatin vart gjøs-
la myldra og klemt neri jorda, so den laag der fast og
grase grodde so fint upp igjennom gjøsle. Var det folk
som ikkje hadde hest drog dei "sloee" paa kryss og tvers
gjennom gjøsle til den var smyldra og pressa godt neri,
var arbeie godt gjort fekk dei smuldra og klemt gjøsle
so godt neri marka , at det grodde so fint til , at naar
slaatten og raksten tok til kom det ikkje noko gjøssel i
foret. Lidt lenger sør i bygde og øvst i Nore-der det
var lidt større sletter. aa snu seg paa, hadde dei laga
eit gjøsselharv som paa ein slags maade likna dei som dei
no bruke til aa kjøire gjøsle sund med ved enggjøsling.
Det var ein trelemm som var skaare jupe render i paalangs
og paatversslik at det vart spisse tagger som ble kjørd
gjennem ~~eng~~ ^{gjøsle}. Den var endaa bære end bjørkesl. Denslags
gjøssel ~~harv~~ ^{var} ~~no~~ ibruk for 50 aar sea , og dei som syns,
det var for dyrt aa kjøpe noko ana-bruka nok slikreid-
skap mykje lenger. Det er nok fyrst i noverande aarhon-
dre dei har ganje aaver til meir moderne gjøsselharv.
Det er ikkje somaange som har skaffa seg slike endaa,
for sosnart det vart kunstgjøssel aa faa fatt i, vart det
som ein motesak aa bruke den, men no i den seinare tid
har den vore lei aa faa fatt i, aa sohar dei meir kome
til det at t.d. salpeter ikkje er so bra aa bruke for-
^{den arma ut jorda meint dei}
mykje av, og etter det no har vore so vont aa faa fatt
i fullgjøssel har dei meir ganje aaver til gamaldags
gjøsling att, so no ser ein, at dei nymoderne gjøsselharve
gaar ilaa fraa mann til mann, for dei fleste har ikkje
skaffa seg slike endaa.

Kjyrene faar beite enga naar dei kjen heim fraa setra ved krøsmesstier, er det noko gras att i utslaat ell' kjyhagen tar det det fyrst, o sea jeng dei paa jore til det bli for kalt ell' snaut paa markje, dei har dyra gaaane ute so lenje det jeng ann-soner som dei tilebare, dei vert sett inn naar det er kalt og forsnaut paa markje.

At dyran jeng lenje ute her er no mest for aa spare vinterfore. Dei rekna det heller ikkje for skadeleg, heller bra for den udyrka enga, so ikkje haae ~~ligg~~ der aa raatna, det vart meir hevd paa marka av aat dyran ~~gjekk~~ der, end om den haae raatna ned. Dei unnjek no helst aa la krøttera beite engstykkjer om vaaren, det vart rekna for skadeleg, men om hausten beite dei der det var gras.

10)

Nyleg tilsaad Kløvereng unгаа dei helst aa beite no, dei er redd dyran riv upp rota.

11.

Sosnart snøen har gaat om vaareⁿ eller etter eit godt regnvær-slaar dei sund og raker utaaver gjøssel som dyra har lagt etterseg i haustbeitinga. Reidskapen dei bruka til det var mest ei ~~st~~trek rive, som dei slo sund lorten med og brukte nakken av riva til det, ogssa rakte dei gjøsla utover med det samre. Vart gjøsla blitt for tør slø dei den sund med eit grev.

12.

Mer som alle dyran omframt heimekjyre bli sendt paa seterbeite er dei ute berre ei kort tid før dei drar tefjels ved st. Hanstier. Dentid dei er heime beiter dei i ein heime ell' uthage, Ell' dei som eig heimsetra reise dei dit med dyra før dei drar paa laangsetre. I Heimehagen har dei daa eit somarfjøs. men det er steinute beite so det er ikkje snak om aa slaa gjøsla sund, den som ligg burti beite. Den som kjem fraa vaar fjøsebli

13.)

Om vaaren var krøttera i vaarfjose om nattamen den heimehagen dei jek i var innegjerd. I høgde var det berre ei innehegning inerheite av vaarfjose det vart kalla eit træe. Hadde det vore paa ei seter vilde me kalla det ei hegne. Grindgang eller kvilig.

Slike innhegninga som var gjort av grindbruker me berre paa setran her, der dei ikkje har fluks med "vølla", der er det samre som hegnu. Men det var mest til sauer dei brukte slike "grinda". No er det meir slutt, det var eit tungt arbeid aa fløtta paa dei grindan naar det vart sølute og vaat, no er det vanleg at dei byte "vølla" fleire ganger om sommaren. Paa den maaten fekk dei gjøsla upp fleire vølla. Naar seterslaatten var ferdig paa ein vøll flutte dei dyran aaver paa den. Det var vanleg aa ha 4 vollar paa ei seter. Dyran laag ute der. Om nettan no har dei fjøs paa dei fleste setra.

14.

Slike grindar vart aldrig bruka heime, berre paa setran og berre til saier og gjeiter. Grindan var ca. 3 meter laange og vell 1 meter høge so var dei hefta sammen med viuspendler uppe og nereog da stod dei av seg sjøi. Naar grindan vart flutte vart gjøsla breid utaaver og raka med ei rive. No er det slutt etterkvart med slike grinda, dei har ikkje vore bruka paa sikkert 20 - 30 aar. Heime paa garden vart dei aldrig bruka.

15.) Udyr som varg og bjønn har me

aldrig i manns minne vore plaga av heimi bygde, heller ikkje paa setran som nokon no kan hukse, so nokon skremsel for slike dyr har ikkje vore nødvendig, heller ikkje har det vore nødvendig paa setran i manns minne. Ifjor

8 saag dei bjønn burti Smaadøldalen, berre ca. 1 time fraa bygd
bygde, men jaktaran fekk ikkje tak paa n', det var vel ein
som hadde forvilla seg hit fraa Vassfare, men no ha me ikkje
meir høir gjete n'.

16.)

Det var nok slik for aaver 100 aar sea at det for bjønn
her, men nokon vakt laag ingen, for klyrene "væra" sjøl, naar
det var ydyr i nærheite og rauta og helt slik eit ufyseleg
leven og daa flaug seterbudeia upp og tok til aa banke paa
"buvasskjelen" som laag gvøivd utafør budøra med eit vea-
tre, den føle skraalen vart udyra redd, og krøttera roa seg
naar budeia kom ut, osso vart det ikkje meir leven den
natta.

17.

Naar jætaren kom heim med buskapen kom han sjølsagt
inn og fekk mat etter han hadde slept dyran inn paa hegna.
Me sea ei hegne, hegnun, ein vøll og vøllan, me snakke om
aa drive klyen innpaa vøllen, vøllgarden, hegnegarden,
det meinas det samre, men dette med vøllan meinas alltid
paa setran, er det heime paa garden "drive me dyran innpaa
træ". Den maten jætaran fekk naar dei kom heim med dyran
var ystingsøll naar det var varmt vær, og upkoka mjølk og
sometier mjølkekaku ell' sötystingsøll naar det var kalt.
(Ystingsøll er ost nybresta av sur (tykk) mjølk med
tykk mjølk iblanda sur rømme. Sötystingsøll er ost av söt
mjølk med varm mjølk paa, mjølkekaku liknar pannekake med
uppsteikt i smør og söt mjølk.)

18?

Noko sauefjøs uta golv og paa hjul har me ikkje høirt
gjete eingong.

19.)

Ingen av Ivar ^{naar} Aasens har vore bruka her, so eg
aner ikkje haa dei betyr.

20.)

Den innegjerde slaattemarka paa setran er det
samre som me kalle "sätervøllan" som eg har skrive om
ovanfor. Slik har det alltid vore her og er likeins enno.

At dei har innegjerde vollar til slaattmark.

9


Nei, stølslaatten gaar nok ikkje atende, sasant dei kan faa nokon til aa"liggje paa sætre" si, som dei sea, for sæterfore er det gjævaste høiet dei eige paa ein gard.

Det er so mykje kraftigare aa bære end jordes og øifor (det som dei slaar nedpaa dei tørlagde Uvdalsøian) so det kan ikkje samenliknas. Som eg har memd før, vart sætervollan gjøsla paa den maaten at ein sommar laag krøt-tera paa ein eller to vollar so vart dei gjøsla upp. Neste aar laag krøtterapaa dei vollan som skulde gjøslas det aare. Naar so vollan som var ~~gjøst~~ gjøsla forrige aar var slaatt, kom dyran innpaa der igjen. raa den maaten vart vollan oppgjøsla. Gjøsselfryun vart siege sund og raka utaaver naar snøen var reist om vaaren.

21.)

Andre ting ell⁴ husdyrgjøsself vart ikkje bruka her. Fiskeavfall og tang har ein ikkje her. Heller ikkje oske i nokon stor maalestokk.

Slutt.



Waker av ei sauegrind.
(Lauetrose)

Lja 13 - side 7.

3857

3857


Bu, Uvdal

NORSK ETNOLOGISK GRANSNING
ADR. NORSK FOLKEHUSEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Svar paa tilleggspraemaal :

Eg har vist fram teyningen til fleire, men ingen har nokonsinne høirt om slik vassføring.

Fiskebein ell.hovud til brensel ha ingen høirt om, me har ikkje her i fjellbygde slike ting i mengde heller.

Men kumøk til brensel har vore og er framleis i bruk høgt tilfjells, der det er vont om ved. Ogsaa bruke dei der det ikkje er fjøs paa setran-aa tenne paa myggroik med kumøk. Myggroik vil seia eit baal dei tenne paa for kuerne naar myggen bli for fæl, daa samlast kuerne om baalet og mygget flyg vekk for røiken. tilslieke baal brukas kumøk, kvist og det dei kan finne.

Bennemann

Uvdal 25/6 - 1947

3320

NORSK ETNOLOGISK GRANSK